



Uskedalen Utvikling held fram med seniorsurfen på onsdagane og deltakarane verkar svært fornøgde med utbyttet. Rundt rekna 15 plar møta opp og denne onsdagen var den fjerde datakvelden i Gamleskulen. Denne gongen var det overføring av bilete frå kamera til pc som var hovudposten på programmet, med andre ord også deteit svært matnyttig tema. Kor mange kveldar som står att kan ikkje lærar Hans Ordin Østebø svara på førebels.

Det er fleire viktige tema som står att, til dømes har dei enno ikkje vore innom surfing på nettet.

To av dei ivrige elevane er Birger Myklebust og Leon Gundersen som på biletet over drøftar kveldens tema.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen